

Referat frå instituttrådsmøte ved Institutt for framandspråk

Referatet er ikkje endeleg godkjent før etter neste instituttrådsmøte, og merknader til referatet må meldast til arve.uthaug@if.uib.no før neste møte.

Møtedato: 26. november 2008

Til stades:

Frå gruppe A: Malvin Fonnes, Margareth Hagen, Lene Johannessen, Pernille Myrvold, Beatrice Sandberg, Margery Vibe Skagen

Frå gruppe B: Maria Kari Soriano Salkjelsvik

Frå gruppe C: Kristin Skogedal, Julie Watkins

Frå gruppe D: Ingeborg Fredriksen

Instituttleiar Leiv Egil Breivik og administrasjonssjef Arve Kjell Uthaug stilte på møtet utan røysterett. Begge forlet møtet etter sak 4.

I tillegg stilte Eva Thue Vold opp for å orientera om sak 3D.

Sak 1 – innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 8. oktober

Godkjent utan merknader. Referatet ligg på www.framandsprak.uib.no under ”informasjon for tilsette” og ”saksdokument”.

Sak 3 - orienteringssaker

- A. Uthaug orienterte om at det førebels er rekruttert to studentrepresentantar til rådet (gruppe D): Siri Vevle og Ingeborg Fredriksen. Frå gruppe B har Maria Kari Soriano Salkjelsvik sagt seg villig til å vera representant, og Bente Hannisdal blir spurt om å vera varakvinne. Korkje gruppe B eller D har rekruttert gjennom ordinære val, og representantane er blitt headhunta for å sikra at gruppene er representerte i rådet. Dei administrativt tilsette (gruppe C) har etter at Trym Holbek slutta supplert representasjonen i møte 10.11.2008: Kristin Skogedal og Julie Watkins er no representantar, Jan A. Johansen og Siri Fredrikson er varafolk.
- B. Valstyret skal sjå til at alle vala ved instituttet blir gjennomførte i tide og på riktig vis. Instituttleiar har peikt ut følgjande valstyre for Institutt for framandspråk: Tor-Jan Ropeid (leiar), Pernille Myrvold, Lidun Hareide, Turid Daae (sekretær) og Ingeborg Fredriksen. Medlemane frå gruppe A (Ropeid og Myrvold) og gruppe C (Daae) sit for perioden H08-V12. Medlemane frå gruppe B (Hareide) og gruppe D (Fredriksen) sit for perioden H08-V09.

- C. Uthaug orienterte kort om talet på utvekslingsstudentar frå IF: 76 i studieåret 06/07 og 59 i studieåret 07/08. Studieleiar vurderer det likevel slik at nedgangen skuldast ei meir tilfeldig svinging, og ikkje ein meir varig tendens nedover.
- D. Eva Thue Vold informerte om pilotprosjektet *Språk og realfag i skulen*, der nokre masterstudentar frå framandspråka og realfaga skal ha eit 2-3 månaders opphald i skulen integrert i utdanninga si. Målet er å stimulera masterstudentane til å velja læraryrket, og å motivera elevane for dei aktuelle faga. Masterstudentane skal vera med å utvikla fagopplegget på skulane der dei kjem. Dei aktuelle faga er fransk, engelsk, tysk og spansk. Hagen meinte at tre månaders avbrot til eit slikt skuleopphald burde kvalifisera til meir enn tre månader ekstra totaltid for masterstudiet.
- E. Breivik orienterte om vidareutdanning av lærarar og brevet frå departementet om "Kompetanse for kvalitet – vidareutdanning av lærere" (21.10.2008). Regjeringa ønskjer å løyva ein sum på om lag 400 millionar kroner til etter- og vidareutdanning av lærarar. Prioriterte fag i perioden 2009-2012: matematikk, norsk, samisk og engelsk. Det kan og vera aktuelt å trekkja inn andre fag ut frå lokale behov. Universitetsleinga er interessert i å følgja opp dette initiativet. Studieleiar Ulland og instituttleiar Breivik deltok 13. november på eit møte om den varsla satsinga. Viserektor for utdanning Berit Rokne Hanestad var òg med, saman med Knut Olav Aslaksen frå SEVU og representantar frå LLE. IFs representantar presiserte to krav i møtet: Vi må få ressursar til stillingar, og opplegget må vera meir fagleg og mindre fagdidaktisk orientert enn det som gjekk fram av skissa til ein ny mastergrad i utdanning. Kravet om fokus på fag fekk brei støtte i møtet 13.11. Aslaksen legg fram ei ny skisse for ein master i utdanning.
- F. Breivik og Uthaug orienterte kort om budsjettet. Vi veit framleis ikkje så mykje om budsjettet for 2009, men det er dårlege utsikter til utlysing av stillingar i 2009. IF har prioritert japansk på topp i fagdimensjoneringsplanen, men det ser ut til å bli vanskeleg å få noka ny stilling til faget i 2009. Smådriftsmidlane og talet på stipendiatstillingar vert neppe ramma av nedskjeringar. Margery Vibe Skagen får auka den faste stillinga si til 100 prosent frå årsskiftet av, i tråd med tidlegare avtale med fakultetet.

Sak 4 – nye retningslinjer for tilsetjingssaker

Til grunn for drøftinga låg e-posten frå 31. oktober om "Nye retningslinjer for tilsetjing i vitenskaplege stillingar" med vedlegg, og ettersende merknader frå rådsleiar Beatrice Sandberg.

Hagen hadde vore med i arbeidsgruppa som laga utkastet til nye retningslinjer for vitenskaplege tilsetjingar ved fakultetet, og ho orienterte kort om arbeidet som var gjort. Arbeidsgruppa gav uttrykk for at den sakkunnige komiteen burde rangera mellom dei kvalifiserte søkerane, men hadde elles ikkje som oppgåve å revidera retningslinjer for den sakkunnige komiteen.

Forholdet mellom komitéane, og kva retningslinjene skal seia om vektinga av votumet frå dei ulike komitéane, var det sentrale spørsmålet i drøftinga av utkastet til nye retningslinjer. Framlegget frå arbeidsgruppa heldt fast ved ordninga med to komitéar – ein for intervju og

ein for prøveforelesingane – i tillegg til den sakkunnige komiteen. Vurderinga frå den sakkunnige komiteen vil normalt bli tillagt størst vekt, men instituttleiari skal gjera ei samla vurdering når han rangerer og innstiller.

Sandberg meinte alle tre komiteane burde samarbeida til slutt, slik at ikkje dei to siste komiteane i praksis sat med det avgjerande ordet. Særleg viss vurderinga er samrøystes frå den sakkunnige komiteen, skal det mykje til for å omkalfatra. Også i sluttvurderinga må instituttleiari ta utgangspunkt i den sakkunnige vurderinga, understreka Sandberg. Ho meinte òg det ville vera fornuftig å slå saman til éin felles komité for intervju og prøveforelesing.

Hagen var usamd i at dei to komiteane burde slåast saman. Ho såg det heller ikkje som arbeidssparande å ha same medlemmar i intervju- og forelesingskomiteen. Dessutan såg ho uheldige sider ved at same person sit både i sakkunnigkomiteen, prøveforelesingskomiteen og intervjukomiteen. Det er for så vidt ikkje noko i vegen for at same person kan vera med i alle tre komiteane, men det bør ikkje vera nokon regel.

Soriano meinte retningslinene burde seia noko om vektlegginga av dei ulike komiteane opp mot kvarandre. Ein treng ikkje seia noko spesifikt om kor mykje ein vektlegg kvar komité, men ein bør få fram at det er den vitskaplege sakkunnigkomiteen som veg mest. Det kan vera mogleg å omrokera, men då må det vera tunge grunnar, streka Soriano under.

Breivik streka under at det vitskaplege måtte liggja i botnen for vurderinga, derfor er det bra at sakkunnigkomiteen rangerer. Dei to andre komiteane skal ikkje overkøyra den sakkunnige komiteen, og ein kan oppleva uheldig tilsidesetting av den vitskaplege komiteen. Men på den andre sida meinte Breivik det òg fanst mange døme på at sakkunnigkomiteen gjorde eit dårleg arbeid. Han trudde det var uråd å koma fram til ein god prosedyre dersom ein la opp til ei formalisert vektning av kor mykje votuma frå kvar komité skulle telja.

Breivik gav honnør til Sandberg for å ha laga eit framifrå diskusjonsnotat. Han såg det som best at instituttleiari var med i intervjukomiteen og deltok i ein dialog med andre i tilsetjingsprosessen, ikkje berre kom inn og tok ei avgjerd heilt til slutt basert berre på skriftlege rapportar. Men Breivik foreslo at ein mjuka opp kravet om at instituttleiari og administrasjonssjef skulle vera til stades i òg i forelesingskomiteen. Dette kunne t.d. vera lite fruktbart dersom forelesinga var på eit språk instituttleiari og administrasjonssjef ikkje skjønna.

Johannessen skulle ønskt at vektlegginga av dei ulike komiteane kunne formaliserast, medan Hagen var skeptisk til dette. Johannessen støtta òg tanken om at eit medlem frå den sakkunnige komiteen kunne gå att i dei andre komiteane for å sikra kontinuitet.

Arbeidsgruppa ved fakultetet opnar for å henta inn referansar. Hagen viste til at det hadde vore stor skepsis i gruppa til dette, men ein hadde likevel teke med punktet om referansar. Dersom det blir henta inn referansar, er det viktig at dette vert gjort for alle dei rangerte søkerane. Det kom ikkje innvendingar frå rådsmøtet mot den praksisen som er foreslått frå arbeidsgruppa her.

Sandberg reiste spørsmålet om rapporten frå intervjuet var offentleg. Det vart opplyst i møtet at rapporten ikkje er offentleg, og det gjer det vanskeleg for andre å vurdere kva som har skjedd under intervjuet.

Soriano tok opp spørsmål om populærvitskaplege arbeid. Ordet ”god” burde fjernast frå formuleringa om at ”dokumentert og god populærvitenskap skal være positivt meritterende”. Ho meinte òg det burde presiserast om populærvitskaplege arbeid skulle leggjast ved

søknaden, og om dei eventuelt skulle koma i tillegg til eller i staden for nokon av dei fem vitenskaplege arbeida søkjarane sender inn. Hagen viste til at dette spørsmålet høyrer inn under retningslinene for den sakkunnige komiteen, og at ein i denne høyringa eigentleg ikkje skal uttala seg om dette (bortsett frå spørsmålet om sakkunnigkomiteen skal rangera). Retningslinene for den sakkunnige komiteen er felles nasjonale, og fell utanfor denne høyringa.

Det kom ingen innvendingar i møtet mot at den sakkunnige komiteen skal rangera dei kvalifiserte søkjarane, heller ikkje var det nokon som gjekk imot bruken av referansar etter dei retningslinene arbeidsgruppa ved fakultetet har gjort framlegg om. Derimot kom ikkje rådet fram til ei felles oppfatning om kva retningslinene bør seia om vekting av dei ulike komiteane, om det bør vera to eller tre komitear, og om komiteane bør samarbeida til slutt.

Sak 5 – styringsmodell på institutt- og fakultetsnivå

Instituttleder Breivik og administrasjonssjef Uthaug gjekk frå møtet før drøftinga av denne saka.

Korleis fungerer ordninga med tilsett styrar?

Det er delte meininger om kor vidt ei vurdering av styringsmodellen burde gjerast på eit så tidleg tidspunkt. Røynsla frå IF har hittil vore god. Men dette heng nok ikkje minst saman med IFs heldige situasjon med ein instituttstyrar som tilhøyrer eitt av fagmiljøa ved instituttet og kjenner miljøet og strukturen godt.

Hagen peikte på at ordninga med tilsett styrar ansvarleggjer styraren tydelegare enn før, og at ein med denne ordninga får kompetente, motiverte og engasjerte styrarar – noko som òg er ein fagpolitisk føremon. Dessutan vil dei store faga alltid ha eit fortrinn i ein valprosess.

Det er semje om at ordninga med tilsett styrar fungerer godt ved IF.

Korleis vurderer ein omlegginga frå instituttstyre til instituttråd?

Røynslene frå IF er gode, og i praksis ser medlemmane i rådet den noverande ordninga ved IF som like demokratisk som den førre ordninga. Men i teorien er makta til instituttrådet vesentleg mindre enn makta til dei gamle Instituttstyra, noko ein ser som prinsipielt problematisk. Ein meiner at den gjengse oppfatninga ved instituttet er at dagens instituttråd fungerer på om lag same måten som dei tidlegare instituttstyra. Soriano sette spørjeteikn ved formuleringa i Rokkan-notatet om at eit instituttstyre kan svekka rolla til styrar, og meinte at ei ordning med tilsett styrar og instituttstyre burde kunne fungera. Johannessen sa at eit instituttstyre på det nye storinstituttet krev at ein får tilbake dei gamle seksjonane, noko som ikkje verkar sannsynleg. Konklusjonen vart at ein i *dagens situasjon ved IF* finn at ordninga med instituttråd fungerer godt.

I kva grad gjev den noverande styringsmodellen rom for deltaking og medverknad?

I dagens modell er det ikkje gitt at fråsegner frå rådet vert lytta til. Men det er vanskeleg for rådet å drøfta sjølve styringsmodellen utan å byggja på røynsler frå IF. Dette gjer det vanskeleg å uttala seg om modellen no, sidan røynsla er for kort og situasjonen ved IF for ideell. Men ein har kjensla av å bli høyrtd ved IF, og rådet meiner at det er godt rom for deltaking og medverknad. Det er likevel ein tendens til at den rådgejvande funksjonen til rådet

ikkje vert sett på som viktig nok, og at kollegar difor ikkje set seg inn i eller kjem med synspunkt på sakene som skal opp i rådet. Studentrepresentanten finn det vanskeleg å finna eit forum der ho kan diskutera saker med studentane.

Korleis blir faga ivaretekne i den nye modellen?

Rådet meiner ikkje at faga ville vore betre tente med eit styre enn med eit råd.


Men ein ser at faga har mindre aktivitet no enn før. Dette skuldast ikkje modellen, men manglande initiativ frå fagkoordinatorane. Dette bør bli betre. Som fagkoordinator synest Skagen at dette er vanskelegare enn tidlegare.

Nokre fag melder om lite tilfredsstillande dialog innan faga. Dette bør ein ta opp. Det er viktig at fagkoordinatorane kallar inn til minst tre møte i semesteret, særleg i høve til eksamensavvikling og undervisningsplanlegging.

Fakultetet:

Det er eit sams inntrykk at samarbeidet mellom fakultetet og instituttet ikkje fungerer godt, og at ein treng tettare band mellom fakultet og institutt. Ei løysing ville vore at leiaren for rådet sat i fakultetsstyret.


Det er delte meiningar om fakultetet bør ha tilsett eller valt dekanus.



Beatrice Sandberg,
leiar av rådet



Julie Tønsaker Watkins,
referent sak 5



Arve Kjell Uthaug,
referent sakene 1-4

